



Vaskeriet er eit godt tilbod både til firma og private.

Kvinnerad Veskstbedrift AS, den velkjende atfføringsbedrifta sentralt i Uskedalen, tilbyr eit breidt spekter av jobbar, og dermed har dei også eit godt tilbod til kundane. No melder dei at dei har ledig kapasitet i vaskeriet. Dei kan også gje tilbodet om jobbfrukt til klart fleire firma enn dei som er på kundelista no.



Sunt og godt med frukt på jobben.

Vaskeriet er eit godt tilbod til både firma og privatpersonar, og Gunn Karin Langeland som m.a. er ansvarleg for vaskeridelen på KV, fortel at dei no har ledig kapasitet og ønskjer fleire oppdrag.

- Vi tar på oss vask av arbeidstøy, dukar, dyner og puter, ja, alt som kan vaskast, fortel ho.

Ho fortel også at fleire firma kan verta med på ordninga med jobbfrukt som dei har hatt tilbod om eit par år. Ordninga er ei abonnementsordning utan bindingstid. Den medfører at firma får levert korgar med frukt på døra ein gong i veka, på mandagar. Ein kan velja mellom korgar på 3, 5 eller 7 kg, alt etter behov.

- Vi leverer no til firma på strekningen frå Odda til Sandvoll, men vi kan sjølvstøtt levera på Halsnøy og om vi får kundar der, seier Langeland om dette tilbodet.

Dei som ønskjer å nytta seg av dei gode tilboda om klesvask og jobbfrukt kan ta kontakt på post@kvekst.no eller ringa sentralbordet på 53 47 55 00. Det er sjølvstøtt også kjekt om dei tar ein tur innom i opningstida.

Kvinnherad Vekstbedrift AS er ein viktig bedrift med gode arbeidsplasser. Vi nemner at dei har avdeling for saum og tekstil som m.a. lagar dei flotte bunadsposane med namn om ein ønskjer det; - flotte til presangar. Dei har også avdeling for jern og betong, og for tre. Catering kan dei også levera i tillegg til at dei leiger ut festlokale. Ein viktig avdeling fekk dei også på Husnes då [Retro Brukthandel](#) (les om den) vart opna for eit knapt år sidan. Denne brukthandelen med café ved Hellandsbrua er vel verdt eit besøk. Den har mykje av både fint og godt! Ein fin plass å ta ein tur innom for ein avslappande og koseleg handel.

Både Retro Brukthandel og Kvinnherad Vekstbedrift har egne facebooksider.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå KV AS.